



Arkivnr: 2016/9015-5

Saksbehandlar: Solveig Lohne Rongved, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Utvål for kultur, idrett og regional utvikling		06.12.2016

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) - Prioritering av søknader til Riksantikvaren 2017

Samandrag

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) er ei nasjonal satsing på skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne i regi av Riksantikvaren og fylkeskommunane. I sak 280/12 november 2012 vedtok Fylkesutvalet ei prioriteringsliste for BARK-ordninga. Det er krav om at kulturminne står på denne lista for å søkje midlar frå ordninga. Informasjon om tilskotsordninga ligg på våre heimesider:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/torskot-til-skjotsel-og-tilrettelegging-av-arkeologiske-kulturminner-bark/>

I sak 248/14 oktober 2014 vedtok fylkesutvalet ei regional tilpassing av tilskotsordninga med betre lokal forankring. I sak 95/2015 vedtok Fylkestinget å setje av kr 200.000,- årleg til arbeidet med BARK.

I sak 15/2016 vedtok Utval for kultur, idrett og regional utvikling at administrasjonen skal fremje ny sak for fordeling av kr 200.000,- når dei nasjonale prioriteringane ligg føre. I 2016 sökte Hordaland fylkeskommune Riksantikvaren om kr 726.550,- gjennom BARK, og fekk tilsegn om tilskot på den fulle søknadssummen. Ein vil difor nyta kr 200.000,- satt av i sak 95/2015 saman med tilsvarande sum innstilt i budsjettet for 2017 med føremål å stimulera til større «fyrtårnprosjekt» i Hordaland.

For 2017 har Hordaland fylkeskommune mottatt tre søknader som fyller kriteria til ordninga på til saman kr. 368.474,- frå tre ulike kommunar. Hordaland fylkeskommune har òg motteke framlegg til endring av prioriteteringa frå ein kommune.

Forslag til vedtak

1.
 - Utval for Kultur, idrett og regional utvikling overfører midlar tildelt gjennom budsjett for 2016, kr. 200.000,- til 2017 med føremål å lysa ut samla sum kr 400.000,- for å stimulera til eit større «fyrtårnprosjekt» innan formidling av arkeologiske kulturminne i fylket. Midla vert tildelt eitt eller maksimalt to større prosjekt. Prosjektet skal ha kvalitetar innan:
 - Fysisk tilrettelegging med fokus på Universell utforming
 - Sterke verneinteresser og særskild kulturminneverdi
 - Folkehelse
 - Samarbeid og heilskapleg planlegging
2.
 - På bakgrunn av innkomne søknader utarbeidar administrasjonen ny sak til Utval for

Kultur, idrett og regional utvikling, som avgjør kva prosjekt som får tildelt midlane.

3.
 - Utval for Kultur, idrett og regional utvikling reviderer vedteken prioriteringsliste for Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne til å inkludera følgjande kulturminne:
 - Gildeskålbakken i Stord kommune (Askeladden ID - 60597)
4.
 - Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtar at følgjande innkomne søknader til bevaringsprogrammet BARK skal sendast vidare til Riksantikvaren med likestilt prioritering.
 - Sokkamyro, Bømlo
 - Gildeskålbakken, Stord
 - Kvalvågen, Sund

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1 BARK 2017 - Omtale og vurdering av søknadene

Fylkesrådmannen, 14.11.2016

Bakgrunn

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) er ei tiårig nasjonal satsing på skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne i regi av Riksantikvaren, med midlar frå statsbudsjettet kapittel 1429 post 70. Fylkeskommunane, Sametinget og landsdelsmusea har høve til å søkje om midlar til dokumentasjon, skjøtsel og sikring, formidling, tilrettelegging og FoU-prosjekt frå ordninga.

Målet med Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne

BARK har som målsetning at minst 450 kulturminne og kulturmiljø skal vera tilrettelagt innan 2020. Dette talet tar utgangspunkt i talet på kommunar då ordninga vart oppretta (430) og fylker (20). Ideelt sett skal det leggjast til rette eit arkeologiske kulturminne og kulturmiljø i kvar kommune, samt eit større tilretteleggingsprosjekt per fylke.

Det er krav om 50% eigenfinansiering for tilskot gjennom BARK. Dugnad og kommunal eigeninnsats gjennom administrasjon, med meir, kan inngå som eigenfinansiering.

BARK i Hordaland

Formelt sett er det fylkeskommunen og Sametinget som kan søkje midlar gjennom BARK. I sak 248/14 oktober 2014 gjorde Hordaland fylkeskommune omfattande endringar i måten BARK vart organisert. Tidlegare var det fylkeskommunen som tok initiativ til prosjekt, og som sökte om midlar frå Riksantikvaren. Fylkeskommunen var dermed initiativtakar og prosjekteigar i alle prosjekt, og måtte i dei fleste tilfelle arbeida for å forankra prosjekta lokalt.

I 2014 avgjorde Hordaland fylkeskommune gjennom vedtak i sak 248/14 å endra organiseringa av BARK til ei vanleg tilskotsordning som vart utlyst på lik linje med dei andre fylkeskommunale tilskotsordningane på kulturminnefeller. Kommunar og lag og organisasjonar i kommunar der det er vedteken kulturminneplan, eller dette arbeidet er starta opp, kan søkja Hordaland fylkeskommune om midlar gjennom BARK. Dei innkomne søknadene vert så politisk handsama, før dei vert sendt vidare til Riksantikvaren for avgjerd.

Det har vore aukande interesse for BARK i kommunane etter som arbeidet med kulturminneplanar i kommunane skrir fram, og BARK-ordninga vert meir kjent. Per november 2016 er det 13 pågåande prosjekt i Hordaland fordelt på 13 kommunar. I Hordaland er det per 2016 i 22 av kommunane anten tilrettelagte arkeologiske kulturminne eller tildelt midlar til slikt arbeid. Ikke alle desse prosjekta er tilrettelagt under BARK, men dei er med på å oppnå målet om eitt tilrettelagt arkeologisk kulturminne i kvar kommune i fylket.

Måten Hordaland fylkeskommune har organisert arbeidet med BARK på, fordrar sterkt samarbeid med kommunane og lokalsamfunna. Sjølv etter at målet om eitt tilrettelagt kulturminne per kommune er nådd vil ein venta ei sterk lokal interesse for dette feltet. Det er difor viktig at det vert gjort tiltak for å sikra at skilting og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne framleis har finansiering òg etter 2020.

Regional kulturplan for Hordaland peikar direkte på arbeidet med BARK og tilskotsordningane: «Det er utarbeidd ei rekke nasjonale bevaringsprogram som grunnlag for statlege tildelingar av økonomisk støtte til skjøtsel av freda kulturminne. I Hordaland skal ein vidareutvikle dei ulike tilskotsordningane til desse programma slik at skjøtsel og tilrettelegging i større grad stør under lokale initiativ. Dette krev styrking av samarbeidet mellom stat, fylkeskommune og kommunar og gjeld ordningane for verdsarv, bevaring av arkeologiske kulturminne (BARK), bevaring av bergkunst (BERG), freda kulturminne i privat eige, fartøyvern og tilskot til vern og vøling av kulturminne.»

Hordaland fylkeskommune har tatt eit viktig grep for å sikra dette då det i sak 95/2015 vart vedteke i Fylkestinget å setje av kr 200.000,- på budsjettet til arbeidet med BARK.

Prioritering av BARK i Hordaland

I 2012 vart det utarbeidd ei prioritersliste over kulturminna som er aktuelle for skjøtsel og tilrettelegging i Hordaland. Kommunane vart inviterte til å koma med innspel til lista, og fylkesutvalet vedtok prioriteringa i

sak 280/12 21.11.2012. Då fylkesutvalet i sak 248/14, 30.10.2014 vedtok nye fylkeskommunale søknadsprosedyrer for BARK for å forankra prosjekta betre lokalt, vart det utarbeidd søknadsskjema, retningslinjer og informasjon om ordninga for å synleggjera denne gjennom nettsidene til fylkeskommunen. I tråd med retningslinjene skal Utval for kultur, idrett og regional utvikling (tidl. Kultur- og ressursutvalet) avgjere kva søknader som skal prioriterast etter innstilling frå fylkesrådmannen.

Ved prioriterings skal det leggjast vekt på følgjande moment (i uprioritert rekkefølge)

- Tiltak med særleg høve opplevingsverdiar og stort formidlingspotensiale
- Tiltak med stort lokalt engasjement
- Tiltak i kommunar der det ikkje tidlegare er skjøtta og tilrettelagte arkeologiske kulturminne
- Tiltak med Universell Utforming
- Kulturminne som er prioriterte av kommunane

I tillegg er det krav om at det skal vera starta opp arbeid med kulturminneplan i den aktuelle kommunen, samt at det aktuelle kulturminnet skal stå på BARK-prioriteringslista. Eitt av dei omsøkte prosjekta står ikkje på denne lista, men kommunen har skriftleg søkt om å få det aktuelle kulturminnet inn på BARK-lista. Søknaden er inkludert i saka og presentert under «revisjon av prioriteringsliste for Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne».

Oversikt over innkomne søknader for 2017 (i vilkårleg rekkefølge)

Hordaland fylkeskommune har motteke totalt 3 søknader om BARK-midlar for 2017 som fyller krava for tilskotsordninga.

▪ <i>Sokkamyro – formidling av steinalderbuplass</i>	Bømlo kommune	79.474,-
▪ <i>Gildeskålbakken – skilting av mellomaldertuft</i>	Stord kommune	24.000,-
▪ <i>Kvalvågen – forprosjekt for tilrettelegging</i>	Sund kommune	265.000,-

Til saman er det komme inn godkjente søknader til ein sum av: **368.474,-**

I alle prosjekta er det gjennomført møter og/eller synfaringar med fylkeskommunen i forkant av søknadstidspunktet.

Økonomisk situasjon - Ståa i dag

BARK vil vera eit aktiv program til 2020. I 2016 fekk Hordaland fylkeskommune tilsegn om den fulle søknadssummen frå Riksantikvaren, og det var difor ikkje naudsynt å nytta midlane avsett på budsjettet til det generelle arbeidet med BARK. Det vart difor vurdert korleis Hordaland fylkeskommune kunne nytta sine midlar til å motivera til større og meir omfattande tilretteleggingsprosjekt. Fleire av prosjekta som er under arbeid kan ha potensiale for å verte eit større prosjekt.

I samband med utarbeidning av prioriteringslista for BARK i 2012 vart det gjort ein gjennomgang av eksisterande tilretteleggingsar. Det var då tre prosjekt som vart karakterisert som større tilretteleggingsar. Sidan den gong har det generelle nivået på tilretteleggingsane i Hordaland vorte heva, og to av desse prosjekta er no karakterisert som mellomstore. Det tredje prosjektet var initiert og gjennomført av den aktuelle kommunen før BARK – prosjektet tok til, og er slik ikkje knytt til bevaringsprogrammet.

Tilrettelegginga her har kvalitetar innan universell utforming, men berre ved hjelp av båt. Det er per november 2016 ikkje nokon kulturminne i Hordaland som kan karakteriserast som eit større fyrtårnprosjekt innanfor BARK. For desse prosjekta er gjerne eigenfinansiering ei utfordring for kommunane, ettersom BARK stiller krav til 50% eigenfinansiering. Utviklinga av potensielle større prosjekt har vore stimulert gjennom arbeidet med kulturminneplanar i kommunane (KIK).

Ståa etter 2020

Med KIK prosjektet, og måten BARK no er organisert på i Hordaland der midla vert lyst ut så kommunane kan søkja på dei, har ein skapt ei interesse og ei forventning til at dette arbeidet vil halde fram. Etter 2020 er det uvisst kor vidt det vil verte tildelt midlar til skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne

gjennom statsbudsjettet. Det er mogleg at dette arbeidet då heilt og fullt må finansierast med fylkeskommunen sine eigne midlar. Det tyder at i 2017 – 2020 har Hordaland fylkeskommune ei tidsavgrensa mogleghet til å kunne gå tyngre inn med eigne midlar i eitt eller fleire store prosjekt, for å få eit «fyrår» prosjekt i fylket. Med bakgrunn i dette, og ettersom finansiering av mindre og mellomstore prosjekt vart dekka av Riksantikvaren, vart det avgjort å avvente bruken av midlar tildelt gjennom budsjettet i sak 95/2015. Ved å slå desse midla saman med midlar innstilt i budsjettet for 2017 får ein samla sum kr 400.000,-. Ved å lysa ut desse midla samla med mål om tildeling til eitt eller maksimalt to større prosjekt, vil dette vera eit tydeleg signal og stønad til kommunar med større prosjekt, som viser at Hordaland fylkeskommune ynskjer å heva standarden på formidlinga av arkeologiske kulturminne i fylket og vil vera ein tung støttespelar i dette arbeidet.

Moderne formidling er mykje retta mot digital formidling, applikasjonar, filmar og liknande. Dette er spennande prosjekt som er veleigna for formidling i mange tilfelle. Fylkesrådmannen ser likevel at det er eit behov for prosjekt som fokuserer på fysisk tilrettelegging som gjer dei freda kulturminna tilgjengelege for alle brukargrupper. Ein vil ved handsaminga av søknadene sjå etter kvalitetar som:

- Fysisk tilrettelegging med sterkt fokus på Universell utforming
- Sterke verneinteresser og særskild kulturminneverdi
- Folkehelse
- Samarbeid og heilskapleg planlegging

Administrasjonen vil på bakgrunn av innkomne søknader fremje ny sak, der Utval for kultur, idrett og regional utvikling avgjer tildeling av midlar.

Ein kan venta seg at interessa for BARK held seg sterkt, og på sikt vil det verte aktuelt med oppgradering og eventuelt utviding av dei prosjekta som vert gjennomført no. I tillegg ser me døme på at vellukka prosjekt fører til at det kjem ynskje om fleire prosjekt, til dømes knytt til skular og anna. Etter 2020 vil den årlege tildelinga på kr 200.000,- sikra at Hordaland har ein langsiktig tankegong i høve til samarbeid med kommunane for tilrettelegging og oppfølging av verdiane som ligg i formidling av dei arkeologiske kulturminne.

Revisjon av prioriteringsliste for bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK)

I 2012 vart det gjennomført ei registrering av aktuelle tilretteleggingsprosjekt for arkeologiske kulturminne i fylket. Kommunane vart invitert til å koma med innspel og det vart utarbeidd ei liste med prioritering. Lista vart vedteken av fylkesutvalet i sak 280/12 21.11.2012. Utarbeidinga av prioriteringa var ei bestilling frå Riksantikvaren knytt opp mot etableringa av Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK).

Ei slik liste kan aldri vera statisk. Nokre prosjekt kan visa seg å ikkje vera mogleg å gjennomføra på ein god måte, og nye kulturminne kan fanga interessa til lokalsamfunna. Nye kulturminne vert funne, og nye skular vert bygt der andre kulturminne kan verte aktuelle for bruk i undervisning. Lista skal speglia ikkje berre fylkeskommunen sine prioriteringar som regional kulturminnemynde og omsynet til geografisk, tematisk og tidsmessig balanse, men òg lokale prioriteringar og ynskjer. Det er ein føresetnad for å kunne søkja midlar gjennom BARK at prosjektet står på BARK-lista. Ettersom lista er politisk vedteken må endringar skje gjennom politisk sak. Det er komme eitt innspel til endringar i denne lista i 2016:

Inn på lista:

- Gildeskålbakken, tuft frå mellomalder

Innspel frå Stord kommune

Auka lokalt engasjement kring tilrettelegging og skjøtsel av kulturminne er i tråd med prosjektet kulturminneplanar i kommunane. At det kjem innspel om ynskte endringar i lista kan tolkast som eit resultat av sterke engasjement og interesse lokalt, og er såleis positivt. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at det framlagte prosjektet vert ført inn på BARK-lista.

Søknadsprosedyre

Kommunar og lokale organisasjoner hadde søknadsfrist 1. november 2016 for å senda søknader til fylkeskommunen. Søknadsfrist til Riksantikvaren for BARK er normalt 15. januar. Søknaden vert sendt til Riksantikvaren innan denne frista, og vedtaket til KIRU vert lagt ved søknaden. Ein vil be Riksantikvaren om å leggje til grunn KIRU sitt vedtak i saka ved tildeling av midlar i Hordaland. Informasjon om tilskotsordninga ligg på våre heimesider: <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/tilskot-til-skjotsel-og-tilrettelegging-av-arkeologiske-kulturminner-bark/>